

# Møteinnkalling

---

**Utval:**       **Følgefonna nasjonalparkstyre**  
**Møtestad:**   TEAMS  
**Dato:**        16.03.2021  
**Tidspunkt:**   09:00

---

Eventuelt forfall må meldast snarast på e-post til:  
[astrid.bakke.haavik@statsforvalteren.no](mailto:astrid.bakke.haavik@statsforvalteren.no).

Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.



## Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 6/21	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 7/21	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 8/21	Framlegg - Søknad om motorferdsel med bil til Bondhusvatnet - Karoline Helleland - Folgefonna nasjonalparkstyre		2021/1461
ST 9/21	Framlegg - Søknad om motorferdsel i Folgefonna nasjonalpark - Hilde Sandvin - Folgefonna nasjonalparkstyre		2021/1459
ST 10/21	Framlegg - Folgefonna nasjonalpark - motorferdsel - helikopter - Ok-Hini Rønning - Folgefonna nasjonalparkstyre		2021/3266
ST 11/21	Saksframlegg - Opprusting av sel i Bjørndal - Hattebergsdalen landskapsvernområde - Folgefonna nasjonalparkstyre		2021/642
ST 12/21	Førespurnad om rydding av gran i Folgefonna nasjonalpark Digrahaug i Håedalen - Ullensvang kommune - Folgefonna nasjonalparkstyre		2021/3851
ST 13/21	Prioritering av tiltaksmiddel og driftsmiddel for 2021 - Folgefonna nasjonalparkstyre 2021		2021/607
ST 14/21	Oppnemning av fagleg rådgjevande utval - Folgefonna nasjonalparkstyre 2021		2021/607
ST 15/21	Referatsaker		
RS 3/21	Delegering av myndighet etter naturmangfoldloven til statsforvalterne og nasjonalpark- og verneområdestyrer		2021/607
RS 4/21	Rapport om evaluering av forvaltningsordning for nasjonalparker fra Nordlandsforskning 2021- Folgefonna nasjonalparkstyre 2021		2021/607
RS 5/21	Kopi - vedtak - klagesak - nydyrking - Hattebergsdalen landskapsvernområde		2020/12839
ST 16/21	Delegerte saker		
DS 1/21	Delegert vedtak - Søknad om motorferdsel med snøskuter - Espeland til Ormannshaug - Steinar Grønsdal - Folgefonna nasjonalparkstyre		2021/167
DS 2/21	Delegert vedtak - Fly med drone i Folgefonna nasjonalpark - ITV studios - Folgefonna nasjonalparkstyre		2020/18133

DS 3/21	Delegert vedtak - Utvida løyve til tiltak på Brufoss inntak og Stutatjønn kanal - Bondhusdalen landskapsvernområde	2019/1110
DS 4/21	Delegert vedtak - Søknad om løyve til motorferdsel i Folgefonna nasjonalpark og Buer landskapsvernområde - Espeland -Buerstølen - Svein Buer - Folgefonna nasjonalparkstyre	2021/2145

**ST 6/21 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

**ST 7/21 Val av styremedlem til å skrive under protokollen**



Arkivsaksnr: 2021/1461-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 02.02.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	8/21	16.03.2021

## Framlegg - Søknad om motorferdsel med bil til Bondhusvatnet - Karoline Helleland - Folgefonna nasjonalparkstyre

### Framlegg til vedtak frå forvaltar

Karoline Helleland får løyve til transport med bil opp til Bondhusvatnet i samband med bryllaup. Løyvet er gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48 og gjeld på følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld ein tur opp til vatnet og ned att fredag 9. april 2021
- Løyvet gjeld transport av ein eldre person (i tillegg til førar) og kamerautstyr.

### Saksopplysingar

#### Dokument i saka:

- Søknad om å køyre bil til Bondhusvatnet
- Verneforskrift for Bondhusdalen landskapsvernområde
- Naturmangfaldlova

#### Søknaden

Karoline Helleland og sambuaren skal gifte seg ved Bondhusvatnet fredag 9.april. I samband med vigsla ønskjer Helleland å få køyre bestemor si på 93 år opp til vatnet, då bestemora ikkje vil klare å gå til fots opp til vatnet. Fotografen har litt utstyr som og vil verte køyrt med bil dersom dei får løyve til det.

### Vurdering

#### Regelverk

---

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer
Naturreservat	Langebudalen



Motorferdsel er i utgangspunktet forbode i Bondhusdalen landskapsvernområde, jamfør verneforskrifta § 3 punkt 5.1, og det inkluderer køyring på grusvegen som går opp til vatnet. Der er ein del generelle dispensasjonar frå forbodet i punkt 5.2 og høve til å gje løyve til motorferdsel til visse føremål i punkt 5.3, men det som er søkt om her, fell ikkje under nokon av desse. Det er likevel verdt å merke seg at dei generelle dispensasjonane i punkt 5.2 er ganske vide, mellom anna at forbodet ikkje gjeld «*Nødvendig motorferdsel i samband med jordbruk, skogbruk og husdyrnæring*». Motorferdsel er altså regulert, men ikkje nødvendigvis veldig strengt regulert, i Bondhusdalen.

Søknaden må handsamast etter den generelle dispensasjonsheimelen i naturmangfaldlova (nml) § 48. Det er det første alternativet (mi understreking) som er aktuelt å bruke her.

*§ 48. (dispensasjon fra vernevedtak)*

*Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.*

I slike «§48-saker» må ein først vurdere om aktiviteten er i strid med verneføremål eller kan påverke verneverdiar. Dersom den ikkje er det kan saka handsamast etter heimelen, og forvaltningsstyresmakta må då gjere ei fagleg vurdering om det skal gjevast eit løyve.

Jamfør nml § 7, skal alle vedtak som kan verke inn på naturmiljøet vurderast opp mot miljørettsprinsippa i nml §§ 8-12.

Søkjar er sjølv ansvarleg for å få løyve frå grunneigar/vegeigar til å bruke veggen.

### **Vurdering**

Først må vi som sagt vurdere om vi i det heile tatt kan gje eit løyve etter nml § 48, om vilkåra i den paragrafen er oppfylt. Då må vi sjå til føremålsparagrafen i verneforskrifta.

### **§ 2. Formål**

*Formålet med Bondhusdalen landskapsvernområde er å:*

- *ta vare på eit eigenarta og vakkert naturområde med store opplevingskvalitetar knytt til heilskapen og variasjonen i naturen frå dalføret opp mot høgfjellet*
- *sikre viktige geologiske førekomstar og biologisk mangfald*
- *sikre verdfull vassdragsnatur*
- *verne om verdfulle kulturlandskap og kulturminne.*

*Ålmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.*

Det er søkt om å køyre ein tur til Bondhusvatnet og tilbake med bil, på ein eksisterande grusveg. Den aktiviteten er ikkje i strid med verneføremålet på noko vis. Det er heller ikkje særleg sannsynleg at sopass avgrensa bruk av ein eksisterande veg vil ha påverke verneverdiane nemneverdig. Det er derfor heimel i nml § 48 til å gje eit slikt løyve som det er søkt om her.

Nasjonalparkstyret må likevel vurdere om det er tilrådeleg å gje løyve, og eventuelt på kva vilkår. Her er det som sagt snakk om å bruke ein eksisterande veg, noko som ikkje vil gje



nokon skadar eller slitasje på vegetasjon eller landskap. Omfanget av køyringa er særst lite, samanlikna med den motorferdsla som det allereie er opna for i verneforskrifta.

Bondhusdalen og Bondhusvatnet er mykje besøkt av turistar, særleg i høgsesongen om sommaren. I den perioden bør det nok vere minst mogeleg motorferdsel på vegen. Ein fredag i april er derimot godt utanfor høgsesongen for turistane.

Den viktigaste vurderingar her er av prinsipiell art. Dersom styret gjer løyve til persontransport på dette grunnlaget i dette tilfellet vil man skape ein presedens, og liknande saker i framtida bør og få same type løyve. Vil det kunne gje ei problematisk auke i motorferdsel og ei for stor samla belastning (jamfør nml § 10) i Bondhusdalen i framtida?

Forvaltninga kjenner Bondhusdalen godt. Det er ikkje kjende førekomstar av sårbare naturverdiar som kan verte påverka av tiltaket. Kunnskapsgrunnlaget er solid, jamfør nml § 8.

Gjennom nml § 12 kan forvaltninga sette krav om at den mest skånsame metode vert brukt. Til transport på ein eksisterande veg av brukbar standard er det ikkje tvil om at bil er både det mest praktiske og det mest skånsame alternativet.

Forvaltar vurderer det slik at det er tilrådeleg å gje dette løyvet. Det er veldig lite motorferdsel det er snakk om og den er ikkje til skade på verneverdiane. Det vil skje på eit tidspunkt og på ein måte som ikkje er til uro eller ulempe for nokon. Eit løyve vil skape ein viss presedens, men samstundes er slike seremoniar ganske spesielle og sjeldne. Det er ikkje venta at dette vil verte veldig vanleg.





Arkivsaksnr: 2021/1459-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 02.02.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	9/21	16.03.2021

## Framlegg - Søknad om motorferdsel i Folgefonna nasjonalpark - Hilde Sandvin - Folgefonna nasjonalparkstyre

### Framlegg frå forvaltar

Med heimel i *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* § 3 punkt 6.3 f), gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Hilde Sandvin løyve til bruk av ATV med belte i samband med transport av material til stølen i Vierdal.

For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld i tidsrommet 01.01 – 01.05 kvart år frå og med 2021 til og med 2024
- Løyvet gjeld for transport av saltstein til beiteområda og material, proviant og utstyr til stølshus
- Løyvet gjeld for inn til fire turar kvart år
- Transporten skal om mogleg skje utanom helg og heilagdagar  
Løyvet gjeld ikkje persontransport
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Olaf Bratland varslast, anten på e-post [olaf.bratland@miljodir.no](mailto:olaf.bratland@miljodir.no) eller på telefon **970 23 013**
- Det skal førast køyrebok årleg som viser dato, køyrerute og føremål med turane. Kvar enkelt tur skal førast i køyreboka før transporten byrjar og køyreboka skal følgje med under transporten
- Køyrebok for sesongen skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre **innan 15.juni kvart år** Merk med referanse: 2021/1459. Send gjerne på e-post til: [sfvlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpost@statsforvalteren.no)

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Ullensvang kommune om dette.

---

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer
Naturreservat	Langebudalen



## Saksopplysningar

### Dokument i saka:

- Søknad om løyve til motorferdsel i Folgefonna nasjonalpark, gnr. 49, bnr. 3.
- Verneforskrift for Folgefonna nasjonalpark

### Søknaden

Hilde Sandvin søker om løyve til å køyre med ATV med belte til stølane Lauvås og Vierdal, som begge tilhører garden Sandvin. Lauvås ligg utanfor grensa til Folgefonna nasjonalpark og køyring dit treng derfor ikkje løyve frå nasjonalparkforvaltninga. Vierdal ligg derimot inne i nasjonalparken, og motorferdsel til Vierdal må derfor ha løyve.

Sandvin søker om 4 turar kvart år i åra 2021 – 2025. Køyringa vil skje i perioden 1.desember til 1.mai desse åra. Det er snakk om køyring på snødekt mark.

## Vurdering

### Regelverk

Motorisert ferdsel er i utgangspunktet forbode i Folgefonna nasjonalpark, jamfør verneforskrifta § 3 punkt 6.1. Det er likevel opna for at forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til visse former for motorferdsel til visse føremål. Dette står i § 3 punkt 6.3.

*Forvaltingsstyresmakta kan gi løyve til:*

- f) Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller helikopter for transport av material, utstyr og proviant til hytter, stølshus o.l.*

Det er med andre ord heimel til å handsame saka etter verneforskrifta.

Søkjjar er sjølv ansvarleg for løyve frå kommunen i dei tilfella det er naudsynt, og løyve frå eventuelle andre grunneigarar der køyring finst.

Jamfør naturmangfaldlova (nml) § 7, skal alle vedtak som kan verke inn på naturmiljøet vurderast opp mot miljørettsprinsippa i nml §§ 8-12.

### Vurdering

Det er fleire bygningar inne i Folgefonna nasjonalpark. Når her er bygningar vil det alltid vere behov for eit visst vedlikehald av desse bygningane, og det er og positivt at bygningane vert halde i stand. Til vedlikehald trengs material og utstyr, og då følgjer det med eit naturleg transportbehov.

Sandvin søker om å frakte material ved hjelp av ATV (fire- eller sekshjuls motorsykkel) med belte på. Køyringa vil skje på snødekt mark, og kan soleis samanliknast med bruk av snøskuter. Desse er sidestilt i verneforskrifta, sidan begge deler er beltekjøretøy. So lenge dette skjer på snødekt mark er det ein skånsam metode for transport i verna natur (jamfør nml § 12).

Motorferdsel vil føre med seg noko støy. Støyen kan uroe vilt, og det kan uroe andre brukarar av området. Viltet er særleg sårbart i yngletida, men nokre artar som til dømes hjort,



kan vere sårbare på slutten av ein hard vinter. Ein må derfor halde god avstand til eventuelt hjortevilt som måtte opphalde seg i området. For å unngå å uroe friluftsbuakarar unødig, bør ein unngå køyring på dei tidene kor det er mest utfart. Som regel vil det vere i helgane og på heilagdagane som påske.

Naturmangfaldlova § 8 set krav om eit tilfredsstillande kunnskapsgrunnlag. Det er ikkje registrert nokon sårbare artar eller andre naturverdiar i dette området som kan verte negativt påverka av køyringa. Dette føreset at dei nemnde omsyna til vilt vert teke og at køyringa skjer på godt snøføre. Forvaltninga kjenner området gjennom andre saker og kunnskapsgrunnlaget er godt.

Det er søkt om fire turar kvart år. Det er avgrensa kor mykje ein får med seg i kvar tur med små beltekøyretøy, so det er eit rimeleg omfang. Sandvin søkjer om å køyre i perioden 1. desember til 1. mai. Køyring på snødekt mark må naturleg nok skje om vinteren/våren, og i tillegg må ein ha godt føre for å få med seg last. Erfaringsmessig er det først litt utpå vinteren og tidleg på våren når snøen har fått «sett seg» litt. Sjølv om det skulle kome snø før nyttår, er den sjeldan god å køyre på. Nasjonalparkstyret gjev som regel løyve opp til fire år i slengen, slik at eit styre ikkje gjev løyve lenger enn ein styreperiode.

Dette er eit av få område kor det er mogeleg å køyre opp i høgjellet og breen med beltekøyretøy og i tillegg er her fleire stolar. Det er derfor eit område kor det allereie er noko motorferdsel. Den motorferdselen som er her er likevel godt regulert av forvaltninga. Det totale omfanget og den samla belastninga er innanfor det som er akseptabelt, jamfør nml § 10.

Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er ikkje relevante i saka.



Arkivsaksnr: 2021/3266-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 22.02.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	10/21	16.03.2021

## Framlegg - Folgefonna nasjonalpark - motorferdsel - helikopter - Ok-Hini Rønning - Folgefonna nasjonalparkstyre

### Innstilling frå forvaltar

Folgefonna nasjonalpark gjev avslag på søknad om å fly med helikopter til Vatnastølsvatnet for personar. Avslaget er gjeve med heimel i forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark § 3 punkt 6.1.

### Søknaden

Ok-Hini Rønning søker i e-post datert 19.02.2021 om løyve til å frakte sin svigerfar til Vatnastølsvatnet med helikopter, då han ikkje er i form til å gå turen sjølv lenger. Søklar vil fly inn med helikopter ein laurdag og ut igjen søndagen etterpå, ein gong i løpet av vår/sommarsesongen 2021.

### Vurdering

Saka gjeld motorferdsel i Folgefonna nasjonalpark.

Søknaden må vurderast etter *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* og forvaltningsplanen. Saka skal også vurderast i høve til naturmangfaldlova §§ 8-12.

§ 3 punkt 6. *Motorferdsel*

---

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer
Naturreservat	Langebudalen



## 6.1 Forbod mot motorferdsel

Motorferdsel er forbode på land, vatn og i lufta under 300 meter.

I forvaltingsplanen er det spesifisert at persontransport er forbode.

Saka må vurderast etter § 48 (dispensasjon frå vernevedtak) i naturmangfaldlova som seier at nasjonalparkstyret kan gjera unntak frå eit vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtaket sitt formål og ikkje kan påverke verneverdiane nemnande, eller dersom tryggleiksomsyn eller omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt.

### Naturmangfaldlova § 8-12:

Jamfør naturmangfaldlova §§ 8-12 skal eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag leggjast til grunn for vurdering av saka. Ein må sjå på kva verknader motorferdsla har i høve verneformålet og naturmiljøet i området. Saka må vurderast opp mot samla belastning totalt, samt at ein må vurdere om val av driftsmetode, teknikk og lokalisering er eigna og mest skånsam for naturmiljøet.

Det er ikkje opna for å gje løyve til persontransport gjennom verneforskrifta, difor må heimelen vurderast etter naturmangfaldlova § 48. § 48 første ledd set rammer for kva unntak som kan vurderast:

*«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»*

Å oppleve stille og ro er blant dei viktigaste årsakene til at folk går på tur og driv med andre former for friluftsliv. Over 80 % seier fred og stillheit i naturen som motivasjon for å gå på tur. Dette vil særleg gjelde i ein nasjonalpark. Motorferdsel vil vere eit framandelement, som berre kan tillatast til strengt naudsynte føremål og med vilkår som sikrar verneverdiane i eit langsiktig perspektiv. For at tiltaket ikkje skal vera i strid med dei overordna måla for verneområdet eller mot verneformålet samla sett blir det stilt krav om at transporten skal vere naudsynt og ikkje skal påverke verneverdiane i vesentleg grad. Det bør ikkje gjevast løyve til transport når det ikkje er naudsynt for ivaretaking av verneverdiane, eller til tiltak det ikkje er opna for i verneforskrifta. Både nasjonale retningslinjer og forvaltningsplanen legg vekt på at motorferdsel skal avgrensast i størst mogleg grad.

I dei tilfella nasjonalparkstyret har opna for motorferdsel til naudsynte føremål er det alltid med vilkår om at transporten ikkje vert gjort i helg eller heilag dagar for å unngå unødig forstyrring av friluftslivet.

Forvaltninga skal vurdere samla last som eit tiltak kan ha på naturmiljøet jf. nml § 10. Sjølv om transporten i dette tilfelle ikkje vil skade verneverdiane isolert sett, vil auka motorferdsel samla sett føre til utholing av vernet. Samla effekt av fleire tilsvarande tiltak vil redusere verneverdiane og vere i strid med verneføremålet, og i tillegg kunne skape ein presedens for liknande søknader i framtida. Nasjonalparkstyret har ikkje høve til å vektleggja omsynet til kvar enkelt søkjar sine ynskje når føremålet med transporten ikkje er naudsynt transport.



Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 ikkje vurdert i denne saka då forvaltar gjev framlegg om avslag.

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Motorferdsel i naturen førar til ein rekke ulemper som støy, forureining, forstyrringar av dyreliv og konflikhtar med friluftslivet. På bakgrunn av vurderingar etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8-12, meiner forvaltar transporten er i strid med verneforskrifta, og innstiller på at det ikkje kan gjevast dispensasjon til transporten etter naturmangfaldlova § 48 og søknaden vert avslått.





Arkivsaksnr: 2021/642-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 03.02.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	11/21	16.03.2021

## Saksframlegg - Opprusting av sel i Bjørndal - Hattebergsdalen landskapsvernområde - Folgefonna nasjonalparkstyre

### Framlegg til vedtak frå forvaltar

Bjørn Klette får løyve til å gjere fasadeendring på selet sitt i Bjørndal. Løyvet gjeld isetting av vindauge og montering av pipe på selet. Løyvet er gitt med heimel i verneforskrifta § 3 punkt 1.3 a) og gjeld på desse vilkåra:

- Vindauget skal vere av om lag same storleik som tilsvarende vindauge på dei andre bygningane i Bjørndal (+/- 10 %)
- Vindauget skal ha srosser. Det skal ikkje ha vassbrett i metall.
- Dersom vindauget skal kunne opnast skal det vere sidehengsla.
- Pipe/røykrøyr skal vere i tråd med alle krav med omsyn til brannvern.
- Tiltakshavar skal sende ei meir detaljert skildring av korleis pipa/røykrøyret til omnen skal førast gjennom veggjen til nasjonalparkforvaltar, som skal godkjenne løysinga før arbeidet tek til.
- Når arbeidet er ferdig skal det dokumenterast med bilete og det skal sendast ein kort rapport til nasjonalparkforvaltar.
- Tiltakshavar er ansvarleg for at alt av avfall og materialrestar vert rydda opp og frakta vekk.

Søkjjar får også løyve til motorferdsel med helikopter for å gjennomføre tiltaket, etter verneforskrifta § 3 punkt 5.3 b). For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld i tidsrommet 15.02 – 31.12.2021
- Løyvet gjeld for transport av material, proviant og utstyr til stølshus
- Løyvet gjeld for 4 turar t/r Murabotn-Bjørndalssetra
- Transporten skal om mogleg skje utanom helg og heilagdaggar
- Løyvet gjeld ikkje persontransport

---

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer
Naturreservat	Langebudalen





- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Olaf Bratland varslast, enten på e-post [olaf.bratland@miljodir.no](mailto:olaf.bratland@miljodir.no) eller på telefon **970 23 013**
- Det skal førast køyrebok årleg som viser dato, køyrerute og føremål med turane. Kvar enkelt tur skal førast i køyreboka før transporten begynner
- Køyreboka skal følgje med under transporten
- Køyrebok for skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre **innan 31. desember 2021**. Merk med referanse: 2021/642. Send gjerne på e-post til: [sfvlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpost@statsforvalteren.no)

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Kvinnherad kommune om dette.

## Saksopplysningar

### Dokument i saka:

- Søknad om fasadeendring frå Bjørn Klette
- Vedlegg til søknaden: Skisser og bilete av Bjørndal
- Verneforskrift for Hattebergdalen landskapsvernområde

### Søknaden

Bjørn Klette har gard på Hatteberg i Kvinnherad, og eig derfor eit sel i Bjørndal. Klette søkjer no om å få ruste opp selet sitt på lik linje med andre sel i Bjørndal. Selet har ei grunnflate på om lag 3 x 3 meter, og det har i dag ein særskild enkel standard.

Arbeid som Bjørn Klette ønskjer å gjere:

- Legge nytt tregolv i selet
- Sette opp panel innvendig
- Montere to etasjesenger
- Setje inn eit vindauge i endeveggen
- Sette inn vedovn


I følgje søknaden skal det ikkje vere utvendige endringar på selet, med unntak av det nye vindauget. Målet med opprustinga er å sette selet generelt i betre stand, og legge betre til rette for overnatting og bruk. Til no har selet vore mest brukt til lager.

Selet er ein del av eit tredelt sel, der kvar del har eigen dør og avdelte «seksjonar».


Det er søkt om å få fly fire turar med helikopter frå Murabotn-Bjørndal for å frakte opp material og verktøy for å gjennomføre oppgraderinga.



*Biletet viser Bjørndalssetra, det omsøkte tiltaket er selet lengst til høyre i biletet.*



*Skisse som viser snitt med vindauge og pipe*



*Skisse som viser innvendig innreiing i selet.*

## Vurdering

### Regelverk

Hattebergsdalen landskapsvernområde er verna mot inngrep som kan endre landskapets art og karakter, mellom anna å gjere synlege fasadeendringar på bygningane. Forvaltningsstyresmakta kan likevel gje løyve til enkelte tiltak. Mellom anna gjeld det ombygging av eksisterande bygningar, jamfør verneforskrifta § 3 punkt 1.3 a):

*1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:*

*a) Ombygging og utviding av eksisterande bygningar.*

*Det er eit vilkår at «ombygging, utviding og nybygg skal skje i samsvar med tradisjonell byggeskikk og vere tilpassa landskapet.»*

Sidan det er landskapets art og karakter som er verna i Hattebergsdalen, so er det ombygging som er synleg på utsida som er søknadspliktig etter verneforskrifta. I denne søknaden vil det gjelde isetjing av nytt vindaug. Montering av ny omn krev sjølvsgatt pipe som fører røyken ut av selet, og då vert det og ei fasadeendring. Det resterande arbeidet er innvendig og derfor ikkje søknadspliktig.

Søkjar er sjølv ansvarleg for eventuelle løyve frå kommunen etter plan- og bygningslova.

Jamfør naturmangfaldlova (nml) § 7, skal alle saker som kan verke inn på naturmiljøet vurderast etter miljørettsprinsippa i nml §§ 8-12.

### Vurdering

Når det først er kulturlandskap og bygningar i eit verna område, er det positivt at kulturlandskapet vert halde i hevd og bygningane vert halde ved like. Det er positivt at bygningar vert sett i ein tilstand som gjer at dei vert brukt, so lenge bruken er berekraftig og utbetringar er i tråd med lokal byggeskikk.



Som sagt so er det to av endringane som Klette ønskjer å gjere på selet som er søknadspliktige. Det er likevel snakk om relativt små og ganske fornuftige endringar. Endringane fører til fasadeendringar, men ikkje so store endringar at det påverkar landskapets art og karakter. Men ein må likevel sjå litt på kva løysingar som er tenkt og vurdere kva vilkår som skal til for å vere i samsvar med tradisjonell byggeskikk.

Det skal settast inn eit lite vindaug opp i «ramen» på selet. Bilete frå Bjørndal syner at fleire andre sel har tilsvarende vindaug. Det betyr at slike vindaug er ein del av den lokale byggeskikken. Klette skriv i e-post at vindaug skal ha tilsvarende mål som vindauga i dei andre sela, og det vil derfor ikkje skilje seg ut.

Det står ikkje noko i søknaden om kva type vindaug det er snakk om. I skissene er det teikna vindaug med sprosser, men det går altso ikkje fram om det er gjennomgåande eller «falske» sprosser. I eit landskapsvernområde der det er landskapets art og karakter som er verna, so er det ofte ikkje avgjerande om srossene er gjennomgåande. Det er likevel enkelte ting man bør unngå. Moderne «husmorvindaug» er ikkje lokal byggeskikk. Ein bør og unngå vindaug som har vassbrett i aluminium.

Klette ønskjer å montere omn i selet. I slike sel i utmark er vedfyring den mest vanlege og mest praktiske varmekjelde, og ei form for oppvarming er eit vilkår for at sel og hytter i fjellet skal kunne brukast. Skal ein ha omn so må ein og ha pipe som kan leie røyk ut på ein trygg og brannsikker måte. Skissene syner at det er tenkt å ha pipe i form av metallrøyr som vert ført ut gjennom endeveggen. Det vil skilje seg litt frå dei andre sela som har pipe over tak. Gjennomføring av pipe gjennom vegg vil truleg vere ei enklare løysing enn å føre den gjennom tak, og med mindre risiko for lekkasje. Nasjonalparkstyret bør likevel vurdere om pipe gjennom vegg er i strid med tradisjonell byggeskikk.

Ein må ha fokus på branntryggleik når ein skal montere omn og pipe. Pipe eller røykrøyr må vere isolert slik at det ikkje tek fyr eller vert brannskade i gjennomføringa i vegg eller tak. Her er det fleire løysingar som kan nyttast, men ein skal vere medviten på at nokre løysingar vil vere godt synlege, kunne gje eit «moderne preg» og soleis vere i strid med tradisjonell byggeskikk. Skissene som er sendt inn saman med søknaden skildrar ikkje dette so godt, so her bør søkjar sende inn ei meir detaljert skildring og/eller betre skisser.

Kunnskapsgrunnlaget i saka er tilfredsstillande. Det er lagt ved greie skisser og fleire gode bilete som syner korleis det ser ut i Bjørndal. Nasjonalparkforvaltar er dessutan godt kjend på staden. Kravet i nml § 8 er derfor oppfylt.

Desse tiltaka vil ikkje føre til noko auka samla belastning i Bjørndal, jamfør nml § 10. Ein skal likevel vere medviten på at slike løyve vil kunne skape ein presedens, som kan få verknad på liknande saker i framtida. Men med so små fasadeendringar som det her er snakk om er det ikkje venta at liknande saker i framtida vil auke den samla belastninga utover det som er akseptabelt.

Tiltakshavar er ansvarleg for eventuelle skadar på miljøet som tiltaket kan føre til, jamfør nml § 11. I denne saka vil det først og fremst seie at tiltakshavar er ansvarleg for å rydde opp etter byggearbeidet. Arbeidet skal ikkje føre til inngrep i terrenget og alt avfall skal fjernast og handerast på forskriftsmessig måte.



Ein kan sjå behovet for å få køyrt inn utstyr i samband med drift og vedlikehald av hytter og stølshus, og det er opna for å gje løyve til denne type motorferdsel i verneforskrifta. Transporten skal gå føre seg med snøskuter på vinteren eller med helikopter for å unngå slitasje på terreng.

Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved bruk av helikopter i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av den motoriserte ferdsla på denne tida av året (databasane er sist sjekka 10.02.2021).



Arkivsaksnr: 2021/3851-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 04.03.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	12/21	16.03.2021

## Førespurnad om rydding av gran i Folgefonna nasjonalpark Digrahaug i Håedalen - Ullensvang kommune - Folgefonna nasjonalparkstyre

### Innstilling frå forvaltar

Olaug Askeland og Ove Kambestad får støtte til å fjerne spreidde grantre på Digrahaug i Håedal i Folgefonna nasjonalpark. Området er nærare vist til på kart i søknaden. Forvaltar lagar ei nærare avtale for omfang og kostnadar med søkjar. Rapport må gjennomført tiltak vert sendt til nasjonalparkstyret.

### Saksopplysningar

Frå søknaden:

*«Underteikna er innehavarar av gnr. 152 bnr.1 med tilhøyrande stølshus i Håedalen, sørvest for Reisetete, Nå i Ullensvang. Dette ligg i nordlege del av Folgefonna nasjonalparkområde. Vi har dei siste åra sett ei stor auke i spreining av norsk gran i området ved Digrahaug, Strutaelvi og inn mot Støkkjen. Digrahaug har vore eit ope, vakkert kulturlandskap som i generasjonar er brukt til beiteområde. Spreiing av gran her er svært lite ynskjeleg. Området framstår framleis som eit relativt ope område med enkelte mellomstore grantre. Det er likevel også mange årsklassar med små grantre. Mange av desse har ein svært god tilvekst med årsskot på bortimot ein meter. Dette vil føre til at området raskt vil endre karakter om noko ikkje vert gjort.»*

---

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer
Naturreservat	Langebudalen



*Vi ser at nasjonalparkstyret har fått utarbeida rapport frå Norskog om kartlegging av granspreiing i Folgefonna nasjonalpark med tilgrensande landskapsvernområde. Område vi viser til ligg ikkje i dei prioriterte områda. Vi synest likevel det er viktig å handle raskt for å ta ut grana som har etablert seg i dette området. På grunn av at dei fleste trea enno er små (mindre enn 1,5 m) vil den totale arbeidsmengda vere langt mindre no enn om ein ventar nokre år.*

*Etter vårt skjønn har grana som står her ingen salsverdi. Den beste måten å stoppe grana på vil vere å ringbarke større tre og kutte ned dei minste trea. Det er vanskeleg å berekne kor arbeidskrevjande dette vil vere, men vi antek at mykje vil vere gjort på ca ei arbeidsveke (ca 40 timar). Underteikna kan tilby å utføre inntil 40 timar arbeid med å fjerne ringbarke/kutte ned gran i dette området. Arbeidet kan truleg utførast i april i år. Vi tek gjerne ei felles synfaring i området.*

*Vedlagt er kartskisse av området og biletmateriale.»*

## Vurdering

### Lovheimel

Formålet med vern av nasjonalparken er blant anna å ta vare på eit stort og tilnærma urørt naturområde og sikre det biologiske mangfaldet med økosystem, artar og bestandar. All vegetasjon og dyreliv er freda mot skade og øydelegging. Etter § 5 i verneforskrifta kan forvaltningsstyresmakta setje i verk tiltak for å fremje formålet med vernet

Folgefonna nasjonalparkstyre har eit overordna mål om at framande artar ikkje skal truge verneverdiane i nasjonalparken og landskapsvernområda som styre forvaltar. Norsk gran slik vi finn han på Vestlandet i dag er i stor grad spreidd her av menneskeleg aktivitet og i skogbruksaugemed og difor ønskjer vi heller ikkje norsk gran i verneområda våre, då han er med på å fortrenge særprega vestnorsk naturmangfald. Det vart i 2020 utarbeidd ei kartlegging for å finne ut kor store førekomstar det er av planta gran, sitka og lerk i verneområda rundt Folgefonna og for å gjere kostnadsoverslag for å fjerne desse plantefelta. I tillegg vart det definert ein del område der gran, sitka og lerk allereie har begynt å spreie seg i verneområda. Det er også ein del område, slik som i Håedal, der det ikkje har vore kartlagt enno. Mange av plantefelta inne i verneområda vil vere svært kostnadskrevjande å fjerne og tiltaka vil måtte føregå over ein lang periode.

Sidan nasjonalparkstyret arbeider med avgrensa midlar til å ta ut framande artar arbeider no med ein strategi for å prioritere korleis ein arbeide for å få fjerna framande artar i åra framover. Ein slik strategi kjem til å vere avhengig av gode samarbeidspartnarar, både hjå grunneigarar, organisasjonar og offentlege aktørar for å lukkast.

Forvaltar ser det som veldig positivt at grunneigarar sjølve vil prioritere arbeidet med å fjerne framande artar i verneområda og ser det som vesentleg for å kunne lukkast med arbeidet. Det er viktig at alle kjelder til spreieing av frø vert fjerna, for å unngå at det spreier seg meir. Om kjelda til frøspreiing står utanfor verneområdet bør desse fjernast også, men det må gjerast i samråd med grunneigar. Om vi lukkast med å fjerne grana i dette området og også





spreiinga av nye frø vil tiltaket verne dette området av nasjonalparken for granspreiing i lang tid framover, sjølv om omfanget av sjølve tiltaket er lite.

Søkjar vil gjennomføre tiltak på snøføre i april og ønskjer å ringbarke store tre og hogge ned små tre og legge dei i terrenget. Søkjar reknar med dei vil bruke rundt 40 timar på arbeidet. Det er fornuftig å kappe ned tre og legge dei att i terrenget. Det er viktig at trevirket får god jordkontakt så det rotnar vekk raskare. Det er vanskeleg å sei kor stort arbeidsomfanget er, men timebruken som er estimert verkar fornuftig. Det er ikkje funne sårbare artar eller naturtyper som vil ta skade av tiltaket, jf § 8 i naturmangfaldlova.





Arkivsaksnr: 2021/607-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 02.02.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	13/21	16.03.2021

## Prioritering av tiltaksmiddel og driftsmiddel for 2021 - Folgefonna nasjonalparkstyre 2021

### Framlegg frå forvaltar

Folgefonna nasjonalparkstyre prioriterer tiltak som skissert i tiltaksplanen.

DRIFT, PLANAR OG KARTLEGGINGAR (KAP 1420 POST 21)				
Navn	Kostnadsart	Beløp	Innvilga beløp	Status
<b>Drift av Folgefonna nasjonalparkstyre</b>	Driftskostnader	130 000	<b>130 000</b>	Innvilga
<b>Revidering av forvaltingsplan for Folgefonna nasjonalpark</b>	Lønn, Driftskostnader, Kjøp av tjenester	300 000	<b>200 000</b>	Delvis innvilga
<b>Skjøtselsplan for haustingsskog</b>	Lønn, Kjøp av tjenester	100 000	<b>100 000</b>	Innvilga
<b>Kartlegging av innfallsportar, bacheloroppgåver</b>	Driftskostnader, Kjøp av tjenester	30 000	-	Avslag
<b>Kulturminnekartlegging</b>	Driftskostnader, Kjøp av tjenester	150 000	-	Avslag
<b>Planlegge infosti på sommarskiseret</b>	Kjøp av tjenester	100 000	-	Avslag
		<b>810 000</b>	<b>430 000</b> <b>430 000</b>	

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer
Naturreservat	Langebudalen



MIDLER TIL TILTAK I VERNEOMRÅDER (KAP 1420 POST 31)						
Pri	Navn på tiltaket	Verneområde	Øk. ansvarlig	Beløp	Innvilga beløp	Status
1	Skilttavler på innfallsport Sommarskiseret	Folgefonna	NPS	100 000		
2	Uttak av sitka i spreiring	Hattebergsdalen	NPS	50 000		
3	Uttak av mindre granfelt	Bondhusdalen	NPS	100 000		
4	Undervisningsopplegg Folgefonnsenteret	Folgefonna	NPS	40 000		Utanfor postformål
5	Oppsetting av skilt	Folgefonna	NPS	30 000		
6	Ferdselsteljarar	Folgefonna	Lokalt SNO	8		Ikkje vedtak enno
			<b>Tildelt pott</b>		<b>280 000</b>	<b>OK</b>

## Saksopplysningar

I epost datert 01.02.2021 opplyser Miljødirektoratet at dei har tildelt midlar til nasjonalparkstyra og verneområda.

Under følger grunngjeving frå Miljødirektoratet for årets prioriteringar;

*«Nå er tildelingene på post 1420.21 av driftsmidler til styrene samt midler til forvaltningsplaner, besøksstrategier, nettsider ++ lagt inn i ESS. Omsøkte midler var som vanlig betydelig større enn de rammene vi hadde til disposisjon. Vi har bl a lagt vekt på følgende i tildelingen:*

- *Driftsmidler litt redusert i forhold til 2020 grunnet knappere ramme samt ikke behov for utgifter til nasjonalparkkonferanse.*
- *I stor grad lagt vekt på å få på plass forvaltningsplaner og besøksstrategier for de som ikke har det.*
- *Midler til nettsider er tildelt til de som har søkt om det (maks 75000 kr), designmanualen skal følges*
- *Litt til markering av jubileer (40 og 50 år)*
- *Ikke noe til bøker*
- *Små rammer har i stor grad dessverre gått utover omsøkte kartlegginger, og til en viss grad skjøtelsplaner.*

*Søknadsbeløp for tiltaksmidler over post 1420.31 var nær dobbelt så stort som disponibel ramme. Dette viser stor aktivitet, men som det derfor dessverre ikke er rom for å imøtekomme. Det er lagt vekt på følgende forhold i tildelingen av midler:*

- *Uttak av fremmede treslag er prioritert, jf egne kommentarer i ESS ved de høyest prioriterte tiltakene.*
- *Skjøtselstiltak er prioritert, jf strategien*



- *Tilretteleggingstiltak er prioritert innen hva rammen tillot for tiltak hvor besøksstrategi er på plass.*
- *Det er ikke prioritert midler til vedlikehold, brøyting, utkjøring av ved og tilsvarende (utenfor postformål)*
- *Det er ikke prioritert midler til naturveiledningstiltak som opplegg for skoleklasser, utstillinger o l .*
- *Kartleggingssøknader er ikke prioritert under post 1420.31. Disse skulle vært omsøkt under post 1420.21 og er vurdert, men i liten grad funnet rom for, i den sammenheng.»*

## Vurdering





Arkivsaksnr: 2021/607-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 19.02.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	14/21	16.03.2021

## Oppnemning av fagleg rådgjevande utval - Folgefonna nasjonalparkstyre 2021

### Innstilling frå forvaltar

Folgefonna nasjonalparkstyre vedtek samansetning for fagleg rådgjevande utval og forvaltar planlegg dialogmøte hausten 2021.

### Saksopplysningar

Frå dei gjeldande vedtektene for Folgefonna nasjonalparkstyre vedteke 1. januar 2020:

*«9. RÅDGIVENDE UTVALG*

*Styret skal oppnevne et rådgivende utvalg. Utvalget skal bestå av representanter for de ulike interessene i området, som bl.a. grunneiere, reindriften andre særlig berørte offentlige organer som for eksempel friluftsråd, næringsliv, frivillige organisasjoner, bl.a. natur- og miljøorganisasjoner og lignende. Nasjonalparkstyret bør ha minst ett årlig dialogmøte med rådgivende utvalg.»*

Medlemmer i fagleg rådgjevande utval får reisekostnader dekt gjennom nasjonalparkstyret sine driftsmidlar, men ikkje møtegodtgjersle.

### Vurdering

Folgefonna nasjonalparkstyre vedtok i styresak 24/16, den 21. november 2016 å opprette eit fagleg rådgjevande utval. Samansetninga av utvalet «skal fange breidda i interesseområda som er knytte til Folgefonna og kringliggande landskapsvernområde. Det er ikkje sett opp

---

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer
Naturreservat	Langebudalen



personmedlemmar i alle kategoriar. Her skal ein be organisasjonane å kome med medlem sjølv»

Det vart vedteke at fagleg rådgjevande utval skal følgje styreperioden til nasjonalparkstyret Rådgjevande utval har delteke på eitt fast åreleg dialogmøte med nasjonalparkstyret og på arbeidsmøte i samband med arbeidet med besøksstrategi.

Tabellen under viser framlegg til samansetning.

Organisasjon	NAMN
Grunneigar	Bjørn Buer
SKL Sunnhordland kraftlag	Erling Otterlei
Stiftinga Folgefonnsenteret	Una Kolle
Geopark Sunnhordland og Samarbeidsrådet for Sunnhordland	Brynjar Stautland
Naturvernforbundet Kvinnherad	Jarle Øvrehus
Naturvernforbundet Hordaland	Oddvar Soldal
Kvinnherad turlag	Hans Bertin Hjortland Anne Karin Enes
Odda/Ullensvang turlag	Anne Grethe Thiis Vestrheim
Kvinnherad sau og geit	Bjarne Berge
Folgefonni Breførarlag	Åsmund Bakke

## **ST 15/21 Referatsaker**

**RS 3/21 Delegering av myndighet etter naturmangfoldloven til statsforvalterne og nasjonalpark- og verneområdestyrer**

**RS 4/21 Rapport om evaluering av forvaltningsordning for nasjonalparker fra Nordlandsforskning 2021- Folgefonna nasjonalparkstyre 2021**

**RS 5/21 Kopi - vedtak - klagesak - nydyrking - Hattebergsdalen landskapsvernområde**

## **ST 16/21 Delegererte saker**

**DS 1/21 Delegert vedtak - Søknad om motorferdsel med snøskuter - Espeland til Ormannshaug - Steinar Grønsdal - Folgefonna nasjonalparkstyre**

**DS 2/21 Delegert vedtak - Fly med drone i Folgefonna nasjonalpark - ITV studios - Folgefonna nasjonalparkstyre**

**DS 3/21 Delegert vedtak - Utvida løyve til tiltak på Brufoss inntak og Stutatjønn kanal - Bondhusdalen landskapsvernområde**

**DS 4/21 Delegert vedtak - Søknad om løyve til motorferdsel i Folgefonna nasjonalpark og Buer landskapsvernområde - Espeland -Buerstølen - Svein Buer - Folgefonna nasjonalparkstyre**